

Notat: Næring- og kulturfond Jølster.

Jfr. Tilleggsdokument til Intensjonsavtale – Kommunesamanslåing Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommune..

«Lage eit arbeidsdokument med føremål om å etablere eit eige nærings- og kulturfond for Jølster, med kapital frå etablerte kraftinntekter».

Notatet er tenkt som eit forhandlingsutkast, der alle kraft- og konsesjonsinntektene vert fordelt etter same prinsipp, som forslaget frå Jølster kommune.

Kraftfond i Jølster:

Tilførsel av årleg avsetning eller kapitalavkastning fastsett ved eigne vedtekter som konsesjonsvilkår ved konsesjonstildeling for Kjøsnesfjorden kraftverk og Jølstra kraftverk for eit definert geografiske område Jølster eller Jølster kommune.

<u>Fond:</u>	<u>Årleg avkastning:</u>
Fiskefond Kjøsnes	kr. 59 000,- ✓
Næringsfond Kjøsnesfjorden	kr. 999 000,- ✓
Nytt fiskefond Jølstra	kr. 100 000,- ✓
<u>Nytt næringsfond Jølstra</u>	<u>kr. 250 000,- ✓</u>
<u>Sum sted- bundne fond</u>	<u>kr. 1 408 000,-</u>

Konsesjonskraft:

Jølster kommune sine inntekter på sal av konsesjonskraft var kr. 1,5 mill i 2016, kr. 3,1 mill i 2015, kr. 2,5 mill i 2014 og kr. 2,1 mill i 2013. Om ein deler dette ut, vert verdien av sal av konsesjonskraft kring kr. 2,3 mill. Ved anslag av verdien på konsesjonskrafta for utbygging av Jølstra, kan denne settast til omlag kr. 2 mill.

Konsesjonskraft er ei direkte erstatning for ulemper kraftutbygging medfører i eit lokalmiljø og det vil vere naturleg at verdien av konsesjonskrafta vert verande i det geografiske området som lir ulemper som resultat av kraftutbyggingane.

Eigedomsskatten:

Jølster kommune har og vil få store inntekter på eigedomsskatt for verk og bruk i Jølster. Sidan slutten av 1990- talet og fram til i dag er det bygd 18 større og mindre kraftverk i kommunen, samt gjeve konsesjon for 7-8 nye kraftverk, samt 3-5 kraftverk under konsesjonsbehandling. I høve utbygginga av Jølstra, der kommunen har utbyggingsavtale er inntektene kjende og eigedomsskatten frå verk- og bruk kan beregnast til mellom kr. 15- og kr. 20 mill årleg.

Konsesjonsavgiftene:

Jølster kommune fekk i 2015 kr. 810 000,- i konsesjonsavgifter. Desse avgiftene har svinga noko, men ligg i snitt kring kr. 1,- mill. Med utbygging av Jølstra vil desse konsesjonsavgiftene auke til vel 1,5 mill. årleg inntekt for Jølster kommune.

Sum kraftinntekter i dagens Jølster kommune:

Samla inntekt med prisvurdering og inntektsvurdering med 2013 – 2016 tal tilseier årlege kraftinntekter på:

<u>Kraftinntekt</u>	<u>Årleg avkastning</u>
Kraftfond	kr. 1 400 000,-
Konsesjonskraft	kr. 4 300 000,-
Eigedomsskatt	kr. 15 000 000,-
<u>Konsesjonsavgift</u>	<u>kr. 1 500 000,-</u>
<u>Sum verdi av kraftinntektene</u>	<u>kr. 22 000 000,-</u>

Framlegg til organisering av egne nærings- og kulturfond:

Framlegget er tenkt tildelt for alle dei fire kommunane som inngår i nye Sunnfjord kommune frå 01.01.2020. Utrekna frå Jølster kommune sine kraftfond. I dag vert mesteparten av kraftinntektene ført inn i drifta av Jølster kommune, og det vert då naturleg at desse inntektene inngår i driftsrekneskapan for den nye Sunnfjord kommune. Dette betyr at eigedomsskatt på verk- og bruk samt konsesjonsavgifter frå kraftutbyggingar i kommunen inngår i fellesdrift frå 2020.

Framlegget er då, med grunnlag om liknande fond i både Gaular, Naustdal og Førde kommune, ei deling der Jølster beheld dei stadbundne og konsesjonsgjevne fonda samt 50% av verdien av konsesjonskrafta, tilsvarende kr. 2 150 000,- til kultur og næringsfond i Jølster kommune, kr. 720 000,- til Gaular kommune, kr. 720 000,- til Naustdal kommune og kr. 720 000,- til Førde kommune.

Totalt vil då Jølster få påfyll for eit eige kultur og næringsfond på **kr. 3 550 000,-** gitt tilsvarende fond og kraftprisar som 2013 til 2016.

Organisering av eit eige kultur- og næringsfond

Dei lokale kultur- og næringsfonda skal forvaltast av eit eige fondsstyre utpeika av kommunestyret i den nye Sunnfjord kommune. Fondstyre skal bestå av tre politisk valde representantar, to frå lokale kulturorganisasjonar og to representantar frå lokale næringslivsorganisasjonar. Styret konstituerer seg sjølve og den nye Sunnfjord kommune vert sekretariat for styret.

Det skal utarbeidast vedtekter for fonda, der intensjonane vert ivaretekne for den lokale verknaden fonda er tiltenkt. Vedtektene skal og sikre ein vedvarande bruk- og oppbygging av grunnkapital til fondet. Fondet sine vedtekter skal samordnast i høve anna nærings- og kulturverkemiddelbruk og gjeld for det geografiske området Jølster kommune hadde før kommunesamanslåinga.

